



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8129
Dep
0032 OSLO

Dato: 31.10.2014
Vår ref.: 2014/18836-3
Saksbehandlar: siggaard
Dykkar ref.: 14/3186

Høyringsuttale frå Hordaland fylkeskommune - Forslag endringer i valgloven og valgforskriften Sak 14/3186

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune behandla høyringssak om " Forslag endringer i valgloven og valgforskriften"i møte 30.10.2014 sak 252/14.

Av møteprotokollen går det fram at slikt vedtak vart fatta i saka:

252/14 Høyringsfråsegn - forslag endringar i vallova og valforskrifta

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Vedtak

- 1. Hordaland fylkeskommune støttar forslaget til endringar i vallova og valforskrifta.**
- 2. Hordaland fylkeskommune meiner at ein må nytta valet i 2015 til å skaffa seg eit godt grunnlag for å vurdera kva som er årsaka til at talet på for seint innkomne førehandsrøyster er så høgt.**

Kjem det av dette grunnlaget fram at det er fristen som er for kort for oversending, bør det verta gjort endringar i fristen. Hordaland fylkeskommune meiner ein då må forlenga fristen for når røystene må vera komne fram til valstyret. Dette vil i mindre grad gå ut over veljaren enn om ein vel å endra tidspunktet for når førehandsrøystinga vert avslutta.

Sakframlegget til saka følgjer som vedlegg.

Sigrid Helene Aardal
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Saksframlegg